

# MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Råd:	<b>Stord sokneråd</b>
Tid:	<b>Torsdag 12. mars 2020</b>
	<b>Kl. 19.00 – 21.00</b>
Møtestad:	<b>Kyrkjekontoret</b>
Opning:	<b>Anders</b>

**Til stades:** Anders Dahl, Olav Johannes Oma, Egil Petterteig, Dag Sele, Sigrid Beate Eskeland (1. vara), Signe Vorland (2.vara) og Arne Rygg Drønen (5.vara)

**Forfall:** Nils Dale Elde, Kirsti Angvik Frugård, Johannes V. Lamo, Sigrunn Ljosland, Ingeborg I. H. Ørjasæter, Dag Kjetil Lægreid (3.vara) og Dagfinn Koppang (4.vara)

## SAKLISTE

### 2020/24- 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Vedtak:** Sakliste vart endra betydelig pga samfunnssituasjonen med Corona-smitte.  
Sak 2020/26 vert utsett.  
Orienteringssak 1 og 3-5 vart trekt frå saklista.  
Sak 2020/27 Situasjon vedr Corona-smitte vart lagt til som hovudsak.  
Eventuelt-sak frå fellesrådet lagt til som orienteringssak.

### 2020/25- 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte

**Vedtak:** Godkjent

### 2020/26 – 046 Medarbeidersamling våren 2020

#### Saksutgreiing

Soknerådet har tidlegare lufta ønsket om å synleggjere at me set pris på frivillige medarbeidarar spesielt. I forbindelse med OVF-søknad innsendt desember 2019 vart det søkt midlar til m.a. medarbeidarsamling for 2020. Det foreligg enno ikkje svar på søknaden. Arbeidsutvalet legg opp til dialog på soknerådsmøtet om kva me ønskjer å gjere her, og evt tenke mulege tidspunkt og idear til innhald og gjennomføring.

**Vedtak:**  
Saka vert utsett til seinare møte.

### 2020/27– 004 Situasjon vedr Corona-smitte

#### Saksutgreiing

Sokneprest Olav gjorde greie for vurderingar gjort av staben knytt til gjennomføring av arrangement og korleis staben tenker rundt sine oppgåver i den nye situasjonen. Mykje er enno uklart og endrar seg raskt. Oppdatert informasjon om kyrkja sine vurderingar kring aktivitetar vert tilgjengeleg på nettsida og Facebook-kontoen til kyrkja. Soknerådet si rolle er å leggje føringar for prioriteringar og planar, og gjeldande planar tek ikkje høgde for ein slik situasjon som me no står ovanfor. Soknerådet vil derfor drøfta kva rolle kyrkja kan ha i ein situasjon kor mykje av den fysiske aktiviteten må stengjast for ei stund, og drøfta vidare prioriteringar i den perioden som ligg føre.

**Vedtak:**  
Soknerådet støtter seg på staben sine vurderingar i forhold til arrangement som vert avlyste. Samstundes vurderer soknerådet det dit at det er stort behov for ei synleg kyrkje i tida som kjem, og me oppfordrar staben til å tenkje kreativt og proaktivt saman med soknerådet i forhold til kva rolle kyrkja kan ha. Konkrete initiativ som vart nemnde på møtet er:

- Moglegheit for Open kyrkje bør avklarast. Soknerådet støttar å nyttar t.d. tilsette som får ledig kapasitet til å halda kyrkja open i periodar. Soknerådet oppfordrar og kantor til å spele ved slike anledningar. For å kunne gjennomførast bør Open kyrkje truleg ha eit forholdsvis langt tidsrom for å spreie deltakinga utover i tid, og det bør vere ei maks-grense på deltakarar.
- Fasteaksjonen utgår i si normale form med dør-til-dør-aksjon. Soknerådet foreslår å nyttar det neste kyrkjebladet til å informere om dette og samstundes legge til rette for å gi til fasteaksjonen med m.a. VIPPS.

# MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

- Soknerådet meiner og at det er viktig at vi fortsett å forkynne Ordet i den tida som ligg føre. Soknerådet oppfordrar dei tilsette til bruk av digitale kanalar, skrive i Sunnhordland og liknande. Soknerådet oppfordrar tilsette til å ta kontakt med soknerådet dersom det er ønske om hjelp frå frivillige med teknisk kompetanse i forhold til å etablere digitale løysingar eller liknande.
- Diakoni blir eit viktig område framover, då det er mange som vil trenge omsorg og hjelp. Kyrkja kan nyte sine tilsette til profesjonell omsorgsteneste, men også nyte frivillige til å vere «hender og føter» for dei som er i karantene eller liknande. Det kan t.d. vere å handle for andre eller hente medisinlar. Soknerådet oppfordrar staben til å ta et initiativ til at kyrkja har ei slik rolle, og meiner tilsette i så fall bør koordinere behov og fordele oppgåver til frivillige som melder seg. Det må i så fall gjerast klart korleis frivillige kan melde seg, og det må leggjast vekt på at personar i risikogruppa ikkje er dei som er forventa å ta slike oppgåver no. Soknerådet kan hjelpe til med å mobilisere frivillige ved behov.

Olav får aksjon på å ta initiativa med til staben for vidare drøfting. Olav og Anders har jamleg dialog framover knytt til soknerådet si involvering i tiltak.

## 2020/15 – 012 Etablering og mandat for underutval (utsett frå førre møte)

### Saksutgreiing

Soknerådet utsette saka i møte 19.februar 2020, i påvente av vidare arbeid med mandat og dialog med dei tilsette. Arbeidsutvalet har arbeidd vidare med mandat, og vil i møtet presentere tankar om ein felles mal og vidare prosess for å beskrive innhald for kvart utval. Arbeidsutvalet ser for seg prosessen slik:

- Oppstart av utvalsarbeid etter soknerådsmøtet.
- Utvala har den første tida fokus på mandat og gjennomgå eksisterande planar
- Endelig oppnemning av utval etter at mandat er vedteke.

### Vedtak:

Stord sokneråd oppnemner følgjande soknerådsmedlemer for deltaking i utvalsarbeidet:

Gudstenesteutval:	Egil Petterteig og Sigrid Beate Eskeland
Trusopplæringsutval:	Sigrunn Ljosland, Johannes V. Lamo
Diakoniutval:	Signe Vorland, Dagfinn Koppang
Kyrkjelivsutval:	Kirsti Angvik Frugård, Arne Rygg Drønen

Utvala skal lage eit forslag til oppgåver og ansvar som skal inngå i mandat for utvalet, sjå eigen mal. Vidare skal dei gjennomgå eventuelle eksisterande planer.

Endeleg mandat og godkjenning av andre leke medlemer til utvala skjer på soknerådsmøte når innspel til mandat er klart frå utvalget si side. Dette sendast til AU når det er klart. Det er venta at noko av dette arbeidet vil ta noko tid å få i gang pga situasjonen med smitterisiko, men vedtaket er gjort for å kunne arbeida vidare når muleg.

### • Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. Introduksjon til diakoniplan og diakoniarbeidet v/diakon Lisbeth Nygård
2. Fasteaksjonen 2020 v/Olav
  - a. Denne utgår i sin planlagt form. Sjå elles kommentarar under Sak 2020/27.
3. Orientering frå ungdomsleiarkonferansen Veikryss / Ungdomstinget i Bjørgvin (Johannes)
4. Orientering frå kyrkjelydsarbeidet v/Olav
5. Evaluering av Døgnet 2020 (utsett frå tidl. møte)
6. Eventuelt-sak frå Fellesrådet:
  - a. Soknediakon Lisbeth Nygård har sagt opp sin stilling, jobber til 7.juni 2020.

### • Skriv, referat og meldingar

1. Referat Nysæter sokneråd 15.02.2020
2. Lokal diakoniplan for Stord og Nysæter sokn

# MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Anders Dahl  
soknerådsleiar  
sign

Dag Sele  
nestleiar og referent  
sign